

**Saksvedlegg 4: sak 14/ 2018. - Saksgrunnlag – val av programkommunar / tiltak****Del 1) Oversikt over søknader****Mottekne søknader om tiltaksutvikling**

Hordaland fylkeskommune har motteke seks søknader innan søknadsfristen den 30.06.2018. Totalt søker 14 kommunar om deltaking i tiltaksutviklinga. 5 kommunar søker åleine. 9 kommunar søker om samarbeid om tiltaksutvikling (ein søknad). Totalt 6 søknadar. Kommunane er opne for samarbeid med andre kommunar der det er hensiktsmessig. Ei kommune søkte om utsett frist for innsending av søknad til august 18, men fekk skriftlig grunngjeve avslag. Nokre kommunar har vore i kontakt med fylkeskommunen og formidla at dei kan tenkje seg inn i tilskotsordninga seinare.

Hordaland fylkeskommune vurderer at søknadane er i tråd med dei formelle krava stilt i utlysinga. Alle søkjarkommunane i 2018 har delteke på søkjarkonferansane arrangert av HFK i samarbeid med FoU-miljøa.

**Oversiktstabell søkjarkommunar**

Søkjarkommune	Samarbeids-kommune/ar	Prosjekteigar	Region	Folketal 2018
1 Askøy		Kommunalsjef oppvekst Åge Rosnes	Vest	29 071
2 Bergen		Seksjonssjef Byrådsavdeling for helse og omsorg Benedicte Løseth	Bergen	279 792
3 Bømlo		Rådmann Geir E. Aga	Sunnhordland	11 902
4 Kvam	Jondal Odda Ullensvang Eidfjord Ulvik Granvin Voss Samnanger	Oppvekstsjef Astrid Anett Steine	Voss/Hardanger  Voss Bjørnefjorden	35 062
5 Kvinnherad		Rådmannen	Sunnhordland	13 180
6 Stord		Rådmann Magnus Mjør	Sunnhordland	18 780

### Informasjon om tiltaket

Bergen kommune søker om eit prosjekt med tiltak på to ulike arenaer. Dei andre kommunane søker om eit tiltak.

Kommune	tiltak	Målgruppe	Tema for tiltaket og arena	Tittel og tiltak
Askøy	1	Primær målgruppe:  Barn 11 -16 år	Tema: Gode helsefremmende møteplasser for barn og unge.  Arena: Skole og nærmiljø	Tittel: <i>«Sammen for helsefremmende nærmiljø for barn og unge på Askøy».</i>  Tiltaket: Utvikling av lavterskel helsefremmende møteplasser i samarbeid med barn og unge (med mål å utvikle meningsfulle sosiale relasjonar og gje meistringskjensle).
Bergen	2 ulike arenaer	Primær målgruppe:  Barn, og foreldre til barnehagebarna  Elevar i vidaregåande skole 16-19 år	Tema: Styrke medverknad og tverrfagleg samarbeid gjennom heile oppveksten. Samhandling og medvirkning for å fremme psykisk helse og redusere sosiale helseforskjeller blant barn og unge (overgangar).  Arena1: barnehage Første omgang - i levekårsonar med største utfordringar  Arena 2: vidaregåande skule Første omgang - i levekårsonar med største utfordringar	Tittel <i>«Sammen for barn og ungdoms psykiske helse i Bergen»</i>  Tiltaket: Tverrfaglege team og juniorforskarar i betre samarbeid om helsefremjande tilnærmingar. Utvikle konkrete tiltak og anbefalingar. Følge opp prosjekt med tiltak i grunnskulen og arbeide med betre overgangar mellom barnehage/grunnskule og grunnskule/vidaregåande skule.  Arena barnehage: Korleis tettare samarbeid rundt det psykososiale miljøet i barnehagane kan bidra til å fremje helse og jamne ut sosiale helseskilnader blant barnehagebarn.  Arena vidaregåande skule: Undersøkje nærmare korleis kommunen kan samarbeide med ungdom og vidaregåande skular om psykisk helse og livsmeistring.
Bømlo	1	Primær målgruppe:  Barn frå barnehagealder og ungdom i 20-årsalder	Tema: Ressurskartlegging, ressursmobiliering og kopling av	Tittel <i>«Tiltak for å få til ressurskartlegging, ressursmobiliering og kopling av ressursar hos barn og unge i kommunen».</i>

			ressursar hos barn og unge i kommunen.  Arena: barnehage og skule/ vidaregåande skule	Tiltaket:  Ressurskartlegging, ressursmobiliering og kopling av ressursar hos barn og unge i kommunen for å utvikle nye eller eksisterande tiltak.
Kvam m. fl	1	Primær målgruppe:  Ungdom 13 – 19 år	Tema: Metodeutvikling – verkty for å velje tiltak «for å letta på presset» for unge i møte med ulike sektorar i kommunen.  Arena:	Tittel « Å letta på presset».  Tiltak Finne fram til metode/ar for å finne måtar som set kommunen betre i stand til å prioritere og velje tiltak som har effekt, når målet er å «letta på presset» for barn og unge.
Kvinnherad	1	<i>Primær målgruppe:</i>  Ungdom og unge vaksne 13 -24 år som står i fare for å kome, eller allereie er, utanfor skule og/eller arbeidsliv	Tema: Heilskapleg og samordna oppfølging av unge vaksne utanfor skule og/eller arbeidsliv  Arena: Nærmiljø, arbeidsliv, skule (overgongar ungdomskule og vidaregåande skule)	Tittel «Samordna og heilskapleg oppfølging av ungdom og unge vaksne som står i fare for å kome, eller allereie er, utanfor skule og/eller arbeidsliv».  Tiltaket. Samordna og heilskapleg oppfølging av ungdom og unge vaksne som står i fare for å kome, eller allereie er, utanfor skule og/eller arbeidsliv – utvikle tiltakspakke til bruk i kommunen på tvers av ulike sektorar.
Stord	1	Primær målgruppe:  Barn 3 (4) år – 16 år	Tema: Integrere medverknadsprosessar i barnehage- og skule kvardagen (få fram trivselsfaktorar og ressursar).  Arena: Barnehage og skule – overgongar, nærmiljø.	Tittel: Skule, barnehage og nærmiljø. «Da e her me høyre te» - styrka trivsel og tilhøyrslø for barn og unge i Stord.  Tiltak: Finne fram til gode strategiar for å integrere medverknadsprosessar i barnehage – og skulekvardagen.



## **Del 2 Tal på kommunar/tiltak og budsjетtrammer**

### **Viktige faktorar ved val av kommunar/tiltak**

Førebels rapport frå Sintef (ansvar for følge-evaluering) trekkjer fram potensiale for arbeidet i nye fylke.

Helsedirektoratet har bede prosjektfylka at særleg momenta under blir lagt vekt på.

- Tiltaka skal vere kunnskapsbaserte.
- Tiltaka skal vere befolkningsretta/helsefremjande
- Tiltaka skal vere lagt til rette for evaluering i samarbeid med FoU-miljøa.
- Vektlegge medverknad frå barn og unge
- Involvere frivillig sektor

Hordaland har desse momenta med i kriteriene og dei er lagt inn i søknadsskjema.

### **Val av kommunar og tiltak:**

#### **Samarbeidsorganet skal gje råd om**

- Fyller alle seks søkjarkommunane vilkåra for val av kommunar/tiltak inn i program for folkehelsearbeid i Hordaland, eller er det kommunar/tiltak som ikkje fyller vilkåra for opptak i programmet? I søknaden til Helsedirektoratet og i utlysinga frå Hordaland fylkeskommune står det at det skal gjerast ei skjønsmessig vurdering for opptak i tilskotsordninga. Samarbeidsorganet gjev råd ut i frå ei heilskapleg vurdering.

#### **Arbeidsprosess i møte**

- Det vil ikkje bli sendt ut innstilling på val av kommunar/tiltak til samarbeidsorganet før møtet. Hordaland fylkeskommune vil i møtet legge fram ei kort vurdering - for deretter å få tilbakemelding frå medlemne i samarbeidsorganet.

Hordaland fylkeskommune har utvikla hjelpemateriell for vurderinga som skal gjerast frå samarbeidsorganet.

#### **Hjelpemateriell for samarbeidsorganet**

**a)** Søknader frå kommunane – fullversjon vert sendt alle som saksvedlegg 8

**b)** To vurderingsmatriser (exel-fil) – sendt som saksvedlegg 5 og 6

Det er utvikla verkty for samarbeidsorganet som byggjer på kriterier, moment frå søknadsskjema, og momentliste for tiltaksutvikling utvikla av FoU-miljøa i Hordaland. Matrisen er bygd opp ved oversiktspunkt knytt til kriteria. Innhald frå søknadene frå kommunane er fylt ut under. Matrisen er tenkt som eit hjelpeverkty for samarbeidsorganet.

Matrisen er to-delt:

- Del 1) Vurderingsmatrise for val av programkommunar. Her er vektlagt moment knytt til forankring/kunnskapsgrunnlag/organisering/samarbeid og ressursar.
- Del 2) Vurderingsmatriser for val av tiltak. Det er ikkje eit krav ved innsending av søknaden at tiltaket skal vere ferdig utvikla. Her er lagt inn moment knytt til tema/tenkt tiltak/innretting og gjennomføring av tiltaket/evaluering.

c) Vurderingsark/sjekkliste

Det er utvikla vurderingsark for medlemene i samarbeidsorganet med hjelpespørsmål.

- Del 1) Vurderingsark val av programkommunar er knytt opp mot vurderingsmatrise val av programkommunar.
- Del 2) Vurderingsark val av tiltak er knytt opp til vurderingsmatriser for val av tiltak.

Del 1 **Vurderingsark val av programkommunar**

Namn på programkommune:

		Vurdering av om forankring/struktur/organisering i tråd med kriterier		
		Ja	Nei eller delvis	merknad
<b>Politisk og administrativ forankring.</b>	Føreligg det politisk vedtak om deltaking i programmet? Eller er det planen for dette? Er deltaking forankra administrativt?			
<b>Folkehelse forankra i plan og styringssystem.</b>	Er deltaking i programmet forankra i kommunen sine planar/styringssystem? Er planlagt utviklingsarbeid kopla til kommunen sine målsettingar? Viser kommunen til relevante satsingar/pågåande arbeid relevant for tilskotsordninga?			
<b>Erfaringsdeling /Rapportering</b>	Eiga kommune? Ut til andre kommunar? Er det lagt plan for rapportering?			
<b>Kunnskap frå oversiktsdokument og/eller andre kjelder</b>	Viser kommunen til utfordrings- eller ressursbildet skildra i kunnskapsgrunnlaget?			
<b>Ressursar å bygge på</b>	Kva ressursar finst i lokalsamfunnet som kommunen kan bygge på? Er frivillig sektor tenkt involvert? Er samhandling med frivillig sektor mindre aktuelt?			
<b>Planlagt organisering – tverrfagleg samarbeid.</b>	Er det etablert plan for prosjektorganisering? Er det tenkt tverrfagleg samarbeid?			
<b>Fagleg samarbeid – kontakt med FoU-miljø og andre samarbeidspartar</b>	Er kommunen open for samarbeid med FoU-miljøa og andre samarbeidspartar som deltek i utviklingsarbeidet i Hordaland?			
<b>Medverknad - involvering</b>	Er det tenkt involvering av barn, ungdom ev andre i prosjektutvikling og utvikling av tiltaket?			

Det er ikkje eit krav i denne runden at tiltaket skal vere ferdig utvikla. Kommunane vil arbeide fram til 01.12 med utforming av endelig problemstilling, avklaring av kunnskapsgrunnlag, metode for å måleutvikling, evaluering osv.

Del 2 Vurderingsark val av tiltak Programkommune/tiltak:.....

		Vurdering knytt til om førebels tiltak er i tråd med kriteria		
		ja	Nei - delvis	merknad
<b>Tema</b>	Er tiltaket i tråd med temaområder frå regionalplan for folkehelse (Nærmiljø og lokalsamfunn, oppvekst og læring, arbeid, aktivitet og deltaking).			
<b>Målgruppe (kven)</b>	Viser søknaden kven målgruppa/målgruppene er? Er desse i tråd med målgruppa for tilskotsordninga?			
<b>Tenkt tiltak (kva) – stikkord som beskriv prosjekt</b>	Er det plan om type tiltak, verktøy, metode? Er det vurdert om tiltaket er gjennomførbart?			
<b>Samsvar mellom prosjektidee og ressurs- eller utfordringsbilete</b>	Er prosjektidee i samsvar med innrettinga av tilskotsordninga og overordna mål for programarbeidet i Hordaland?			
<b>Grunngjeving for val av tiltak (kvifor) Førebelse mål. Tenkt nytte med tiltaket.</b>	Kvifor vil kommunen utvikle dette tiltaket? Er det sett førebelse mål? Er det førebels tenkt nytte av tiltaket?			
<b>Helsefremjande – befolkningsretta tiltak</b>	Er innrettinga av tiltaksutviklinga helsefremjande og befolkningsretta?			
<b>Innovasjonsgrad</b>	Tiltaket skal ha ei grad av innovasjon. Kva er det nye?			
<b>Implementeringsplan (kven skal implementere tiltaket)</b>	Kjem det fram kven som skal ha ansvar for å gjennomføre tiltaket? Er dei sektorane som er tenkt å gjennomføre tiltaket involvert i arbeidet? Er bruk av erfaringar og kunnskap frå arbeidet tenkt brukt vidare?			
<b>Plan for evaluering/ metodeutvikling</b>	Viser kommune plan for korleis det er tenkt at tiltak kan leggast til rette for evaluering? Nemner kommune om tiltak er evaluert tidlegare?			
<b>Førebels gjennomførings-plan</b>	Føreligg førebels gjennomføringsplan? Er denne realistisk gjennomførbar?			

### Del 3) Tal på kommunar/tiltak og budsjetttrammer

#### Tildelte midlar til Hordaland – plan for opptak i program for folkehelsearbeid

I søknaden frå Hordaland til Helsedirektoratet er det i pkt. 2.4 lagt fram plan for fordeling av midlar og tiltak til kommunane ut i frå eit totalt søknadsbeløp på kr 10 mill. over 5 år. Det blei teke atterhald om endringar om prosjektet skulle bli tildelt mindre tilskotssum enn det blei søkt om.

Hordaland blei tildelt kr 36 mill. over 6 år med ei årleg utbetaling på seks millionar kroner, under føresetnad av løyve til programmet gjennom årlege budsjettvedtak i statsbudsjett. Dette inneberer at det er mindre økonomisk handlingsrom er planlagt. Det er tenkt to opptak av kommunar/tiltak inn i tilskotsordninga for Hordaland. I søknadsutlysinga for 2018 (pulje 1) er det sett eit måltal på inntil seks kommunar eller samarbeidsprosjekt mellom kommunar. Det vil bli eit nytt opptak i 2019/2020 (pulje 2). Opplegg for nytt opptak vil bli lagt fram seinare.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Pulje 1: inntil 6</b>	Søke år	tiltaksutvikling				
Enkelt prosjekt/tiltak						
Større kommuneprosjekt/samarbeid om tiltak						
<b>Pulje 2: inntil 6</b>			Søke år	tiltaksutvikling		
Prioritere samarbeidsprosjekt om tiltaksutvikling						
Enkelt prosjekt/tiltak						

#### Sum til tildeling av ramme pulje 1 – med årlege utbetalningar i åra 18 - 19 - 20

Samarbeidsorganet kan tilrå opptak av inntil seks prosjekt/tiltak i programmet. Rammer for økonomisk tildeling skal knytast opp mot ei heilskapleg vurdering knytt til prosjektstorleik, samarbeidspartar og type tiltak som skal prøvast ut.

I søknaden til Hdir er det oppgitt at ramme pr. kommune kan vere mellom kr 600 000 – til 1.4 mill. pr. kommune/tiltak. Denne ramma må revurderast på bakgrunn av mindre tildeling.

Kommunane har utforma førebels budsjett ved innsending av søknaden. Samarbeidsorganet skal ta endeleg stilling til tildeling av midlar i desember 2018. For kommunar som vert tekne opp i 2018 er det tenkt ei mindre tildeling til utvikling av prosjektplan/tiltaksutvikling for hausten 2018.

Midlane frå Helsedirektoratet blir utbetalte årleg. Dei er kan overførast. HFK legg opp til at midlar løyvde eit år, vert overførde for bruk seinare år. Midlane skal nyttast til tiltaksutvikling i kommunane. Midlar kan også nyttast til kompetansestøtte/vegleiing til planlegging av tiltaket og anna kompetansestøtte. Det er tenkt sett av litt midlar til arbeidet FoU-miljøa til bistand til tiltaksutviklinga, samt til kompetansestøtte.

Midlar til evaluering (datainnsamling, analyse og rapportering) er ikkje del av tilskotet. Det må søkjast eksterne midlar til dette.

**Forslag til budsjettfordeling av midlar frå Helsedirektoratet pulje 1**

<b>innsatsområde</b>	<b>18 000 000</b>	<b>kommentarar</b>
Studentstipend a kr 10 000, totalt inntil 5 pr. år	150 000	Erfaringar frå nærmiljøprosjektet viser at stipend er eit godt verkty for mobilisering til studentoppgåver. Utdanningsinstitusjonane har ressursar til vegleiing av studentar som kan kome programmet til gode.
Kompetansestøtte/samlingar felles samlingar kommunane kr 150 000 pr. år	450 000	Tenkt til felles prosjektsamlingar 2 pr. år/samt nasjonale kompetansesamlingar samarbeidsorganet.
FoU-miljø – utviklingsstøtte til tiltaksutviklinga i kommunane kr 300 000 pr. år	900 000	Fleire av FoU-miljø har ikkje eigne midlar til å delta i arbeidet. Kostnadsdekning – utviklingskostnader.
Reserve: Sette i gang utviklingsarbeid nye kommuner i 2020 for opptak i programmet	600 000	
Tildeling direkte til kommunene i første opptaksrunde (fordelt over fleire år)	15 900 000	

**Oversikt over samla søknadssum med eigen finansiering**

<b>Kommune</b>	<b>tiltak</b>	<b>Samla søknadssum</b>	<b>Eigen finansiering</b>
Askøy	1	3 075 000	2 240 000
Bergen	2	11 200 000	4 800 000
Bømlo	1	2 600 000	450 000
Kvam m fl	1	4 200 000	900 000
Kvinnherad	1	2 900 000	1 700 000
Stord	1	2 050 000	228 000
	<b>7</b>	<b>26 025 000</b>	<b>10 213 000</b>

**Samarbeidsorganet skal gje råd om:**

- Grovfordeling av tilskotsmidlar – korleis fordele midlar – prinsipp.
- Sum på førebels tilskot 2018 til vidare prosjektutvikling pr. tiltak.

Opplegg til diskusjon vert lagt fram i møte.

